

Til: MN- fakultetsstyret

**Sakstype: Vedtakssak**

**Saksnr.: 3/19**

**Møtedato: 25. mars 2019**

**Notatdato: 11. mars 2019**

**Sakshandsamar: Frode Bremnes**


**Sak: Godkjenning av regnskap pr. 31.12.2018.**

**Tidlegare vedtak:** Det er ingen tidlegare vedtak i saka.

**Formål:** Saka er å fastsette regnskapet for Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet (MN) pr. 31.12.2018.

Dei totale inntektene for fakultetet er for 2018 på 1,9 milliardar kroner, inntekter frå Kunnskapsdepartementet (KD) utgjer om lag 1,2 milliardar kroner og 0,7 milliardar kroner er inntekter frå ekstern finansiering. Det er ein lågare årleg vekst i inntektene i perioden 2015-2018 i forhold til perioden 2011-2015. Det er venta ei utflating av inntekter frå KD i kommande år, medan eksterne inntekter er venta å auke i perioden 2019-2021 og deretter ha ei flat utvikling. Det har vore ein stabil årleg vekst i kostnader i perioden 2011-2018. Det er størst vekst i personalkostnader og andre driftskostnader medan dei årlege investeringane no er på eit lågare nivå enn for 4 år tilbake. Det er venta at kostnadsveksten vil overstige inntektsveksten i komande år.

MN har eit overskot på 27 millionar kroner for 2018 og eit akkumulert overskot på 419 millionar kroner. Resultatet er 112 millionar kroner betre enn venta i budsjettet og dette skuldast for stor optimisme på kostnadssida og for forsiktig budsjettering av inntekter i bevillingsøkonomien. Bevillingsøkonomien har eit overskot på 32 millionar kroner og eit akkumulert overskot på 281 millionar kroner. Ekstern finansiert verksemd har eit akkumulert overskot på 137 millionar kroner etter eit underskot på 6 millionar kroner for 2018.



Figur 1. Utvikling i akkumulert resultat pr. 31.12. for årene 2013-2018.

**Vedtaksforslag:** Fakultetsstyret godkjenner regnskapet for MN pr. 31.12.2018 jamfør vedlegg 1.

**Vedlegg:**

1. Resultatregnskap pr. 31.12.2018 med samanlikning for 2016 og 2017, og prognoser for 2019 – 2023.
2. Grafisk fremstilling av institutta sin total- og basisøkonomi pr. 31.12. for årene 2014 - 2023.

## 1. Regnskapsprinsipp og uttrykk.

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultets (MN) regnskap utgjør ein del av UiO sitt regnskap, og er i tråd med interne retningslinjer på UiO. Internregnskapet for MN er resultatregnskapet med tillegg av balanseelementet *overført saldo*.

Regnskapsprinsipp betyr mykje for MN-regnskapet (prinsipp og konsekvensar av dette er kommentert til slutt i dokumentet):

- Eksternt finansierte prosjekt vert regnskapsført etter fullkostprinsippet.<sup>i</sup>
- Det er ulike prinsipp for bokføring av inntekter og kostnader. Det er kontantprinsippet for bokføring av inntekter, og transaksjonsprinsippet (periodisering) ved bokføring av kostnader. Det grunnleggande prinsippet om samanstilling vert ikkje nytta i internregnskapet.<sup>ii</sup>
- Anleggsmiddel vert bokført som løpande kostnader. Avskrivingar vert synleggjort, men regnskapsført utan resultatteffekt.
- Ingen balanse.<sup>iii</sup>

Den økonomiske rapporteringa frå MN til UiO er inndelt etter finansiering, bevillingsfinansiert økonomi og eksternt finansierte økonomi. **Bevillingsfinansiert økonomi** (basis) er i hovudsak løyving frå KD og tilhøyrande kostnader. Midlar frå UiO/KD til øyremerka aktivitet vert omtalt som bundne midlar. Akumulert resultat med fråtrekk av bundne midlar gjev uttrykk for midlar til fri disponering eller handlingsrom. **Eksternt finansierte økonomi** (EFV/prosjektøkonomien) er den delen av verksemda som vert finansierte av Forskringsrådet (NFR), EU og andre eksterne finansiører. Aktiviteten for begge overlappar på fleire områder. Totaløkonomien er summen av basis- og prosjektøkonomien.

## 2. Økonomisk status og utvikling for MN totalt.

### 2.1. Talgrunnlag

Resultat totaløkonomi		Regnskap 2016	Regnskap 2017	Regnskap 2018
Inntekter	KD inntekt	1 104	1 140	1 225
	Ekstern finansiering	639	688	691
<b>Inntekter totalt</b>		<b>1 743</b>	<b>1 828</b>	<b>1 916</b>
Kostnader totalt	Personalkostnader	1 133	1 199	1 270
	Investeringer	186	99	83
	Husleie	186	194	210
	Andre driftskostnader	179	301	326
<b>Kostnader totalt</b>		<b>1 683</b>	<b>1 793</b>	<b>1 889</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>60</b>	<b>35</b>	<b>27</b>
Overført fra fjoråret		290	351	392
<b>Akkumulert resultat</b>		<b>350</b>	<b>386</b>	<b>419</b>

Figur 2. Resultat totaløkonomi pr. 31.12. for perioden 2016 – 2018. Tall i millionar kroner. Positive tall er overskot.

Vedlegg nr. 1 viser fleire detaljer i regnskapet.


### 2.2. Totaløkonomi og bevillingsfinansiert økonomi

#### Inntekter

Dei samla inntektene var 1,9 milliardar kroner for 2018, av dette er 1,2 milliardar frå KD og 0,7 milliardar kroner frå eksterne. Inntekta frå KD har auka med 85 millionar kroner frå 2017. I 2018 vart nasjonalt senter for naturfag i opplæringa, Naturfagsenteret ein del av vår økonomi og av auken i KD inntekter kjem 33 millionar kroner som følgje av denne endringa. UiO har redusert tildelinga til fakultetet med 48 millionar kroner for 2018, dette er år 3 med varig auke i effektiviserings- og avbyråkratiseringskutt (ABE) samt eit ekstra varig

rammekutt i 2017. Den årlege auken i varig ABE-kutt utgjør 8-11 millionar kroner. Auken i inntekter kjem som følge av auke i studieplassar, studiepoengsproduksjon, rekrutteringsstillingar og prisvekst. I samband med omlegging av internhusleigemodellen er ein auka kostnad på 10 millionar kroner kompensert i inntekta. Det er venta at auke i inntekt for nye studieplassar i komande år saman med kutt gjev ei flat utvikling av KD-inntekt i komande år.

### Resultat



Figur 3. Akkumulert resultat pr. 31.12.18 fordelt etter område. Positive tall viser overskot. Tal frå fjoråret er i parentes.

Figuren over viser at auken i totalsaldoen er 27 millionar kroner i 2018, det er eit underskot i eksternt finansiert del med 5 millionar kroner samstundes som basis har eit overskot på 32 millionar kroner.

Akkumulert resultat pr. 31.12.2018 er på 419 millionar kroner, der 281 millionar kroner kjem frå bevilingsdelen og 137 millionar kroner frå eksternt finansiert verksemd (EFV).

I basisøkonomien var det budsjettert med eit underskot på 34 millionar kroner medan resultatet viser eit overskot på 32 millionar kroner. KD-inntektene er 37 millionar kroner over budsjett, og personalkostnader samt andre driftskostnader er 42 millionar kroner lågare enn planlagt. Det er mykje dei same årsakene som før, det er inntekter som ein ikkje kjenner til ved budsjetteringstidspunktet samt forsiktighet i inntektsbudsjettering. På kostnadssida er ein for ambisiøs med omsyn til kva ein faktisk klarer å setje i gang.

Det direkte bidraget frå prosjekt til basis<sup>iv</sup> har auka frå 148 millionar kroner i 2016 til 198 millionar kroner i 2018. Dette er ei god utvikling og viser at institutta har den naudsynte fokus på at denne delen av verksemda er essensiell for å få basisøkonomien til å gå rundt. Resultatet for basis utan dette bidraget er for 2018 eit underskot på 166 millionar kroner (i 2016 var underskotet før bidrag på 86 millionar kroner). Underskotet er dermed nær dobla på berre 2 år. Det er venta ei stabilisering på 2018 nivå for bidraget frå prosjekt til basis i komande år.

Det er ikkje gjort vesentlege endringar i prognose for komande 5 års periode etter budsjettleveransen i desember 2018. Det er venta eit auka aktivitetsnivå komande år og dette vil saman med flat inntektsutvikling gje reduksjon i akkumulert resultat utover i prognoseperioden. Reduksjonen i akkumulert resultat vil i hovudsak gjelde basis, og i mindre grad den eksternt finansierte delen av verksemda.

### Bundne midlar på basis

Det er 62 millionar kroner som er bundne/øyremerka midlar ved utgangen av 2018. Dette er ei auke på 12 millionar kroner det siste året, hovudårsaka er ny tildeling til verdsleiarde miljø SOLARIS ved Senter for

materialvitenskap og nanoteknologi. Det er framleis ei utfordring å få sett eldre midlar i aktivitet. Det er over 10 millionar kroner som er tildelt for over 4 år sia og dette nivået har vore stabilt i dei siste 3 åra. Det er kategorien forskning som utgjer 80 % av midlane ved utgangen av 2018. Av midlar til forskning står det no att 28 millionar kroner til SOLARIS, og det er venta at dette miljøet vil kome i gang med satsinga i løpet av 2019. I tillegg er det forskingsmidlar til utstyr og satsingar. Området krev tiltak for å gje aktivitet, spesielt eldre midlar.

#### Handlingsrom


Fakultetet har 219 millionar kroner i disponible midlar ved utgangen av 2018. Dette er eit vesentleg handlingsrom som gjev fakultetet gode moglegheiter til å satse strategisk. Det er ei utfordring at handlingsrommet og handlingsevne på instituttnivået er ulikt fordelt.

### 2.3. Eksternt finansiert økonomi

Det er stor fokus på å auke aktiviteten i prosjekt, mellom anna ved tett dialog mellom økonomifunksjonen og prosjektleiari. Akkumulert positiv saldo er redusert med 6 millionar kroner i løpet av 2018 og det er same reduksjon som for fjoråret. Det er ikkje vesentleg endring i aktivitet i 2018 samanlikna med 2017. Det er venta auka aktivitet i åra framover.

#### Inntekter

Inntekter frå eksterne (EFV) er på 691 millionar kroner i 2018. Eksterne inntekter totalt har auka med om lag 180 millionar kroner i perioden frå 2014 til 2018, frå i overkant av 510 millionar kroner til 690 millionar kroner i 2018. Auke frå 2017 er på berre 3 millionar kroner (0,5 %), og auken er vesentleg mindre enn førre år då auken var 49 millionar kroner (8 %). Det er venta ein årleg vekst på 10 % i inntektene dei neste 2 årene og deretter ei utflating av inntektene. Andelen eksternt finansierte inntekter i forhold til totale inntekter er 36 % for 2018 og dette er på nivå med gjennomsnittet dei siste 7 åra. Figur 4 under viser utvikling for eksterne inntekter både nominelt og prisjustert (stipla linje).



Figur 4. Eksterne inntekter for kvar finansieringskjelde nominelt og prisjustert for 2011 – 2018.

#### Status og utvikling for eksternt finansierte prosjekt.

MN har pr. 31.12.2018 i alt 774 aktive eksternt finansierte prosjekt, og i 2018 er det ei netto auke på 60 prosjekt. Det er ei auke i talet på øvrige prosjekt med 75 (eksterne prosjekt finansierte utanom NFR og EU), medan det er 12 færre NFR-prosjekt. Utviklinga i dei siste åra med stadig færre prosjekt finansierte av EU fortsett også i 2018. Talet på EU prosjekt er redusert frå 70 til 67, og dette er det lågaste talet på aktive EU-prosjekt som er registrert sidan 2014.

Den eksterne finansieringa av nye prosjekt viser at NFR prosjekt gjennomsnittleg får betre finansiering medan prosjekt finansiert frå EU har ei motsett utvikling, sjølv med stigande Eurokurs.

Totalramma på nye prosjekt i 2018 (2017 tal i parentes) er 910 (808) millionar kroner, der 700 (616) millionar kroner kjem frå ekstern finansiering.

#### *NFR inntekter*

Inntektene frå Forskningsrådet er 415 millionar kroner i 2018, og dette er ein reduksjon med 16 millionar kroner frå 2017. Inntektene er 79 millionar kroner lågare enn budsjett, og dette skuldast i hovudsak at inntektene er venta i 2019. NFR inntekter utgjer om lag 60 % av totale eksterne inntekter i 2018, dette er den same andelen som i 2014.

#### *EU inntekter*


Inntektene frå EU er 84 millionar kroner i 2018 og 22 millionar kroner over budsjett. Avviket skuldast i stor grad at ein har fått midlar før planlagt. Det er ikkje eit teikn på stigande inntekter frå EU. Det er derimot venta ei inntekt på 52 millionar kroner i 2019 og ei gjennomsnittleg årleg inntekt i perioden 2019-2023 på 72 millionar kroner.

#### *Inntekter oppdrag*

Inntekter for oppdragsprosjekt var 78 millionar kroner i 2018 og har vore relativt stabil dei 3 siste åra. Det er i perioden 2019-2023 venta ei årleg inntekt på over 100 millionar kroner. Sett i eit 5-årig perspektiv er aktiviteten nær 3 gongar større i 2018 enn i 2013. Det er Health Information Systems Program (HISP) prosjekt ved Institutt for informatikk som utgjer det meste av denne typen prosjekt ved MN. Inntektene er omtrent som planlagt.

#### *Nettobidrag til basisøkonomien <sup>iv</sup>*

Nettobidraget frå ekstern finansiert verksemd er på 197 millionar kroner i 2018. Dette er ei auke på 50 millionar kroner frå 2016. Bidraget er i tråd med budsjett og utgjer ein vital del i finansiering av basisøkonomien. Figur 5 under illustrerer korleis resultatet for basisøkonomien vil vere med og utan dette bidraget. Overhead utgjer nær 2/3 av bidraget, medan ekstern frikjøp og inntekter frå leiested tilsaman er nær 1/3. Eigeninnsatsen i form av interne frikjøp og overhead i eksterne prosjekt er i 2018 på 227 millionar kroner. Andre moment i dette er at ikkje alle kostnader for å drive eksterne prosjekt vert synleggjort, samtidig som ekstern aktivitet er ein vesentleg faktor for resultatdelen (insentiv) i finansiering av basis. Dette viser den gjensidige avhengigheten mellom basis og ekstern finansiering.



Figur 5. Resultatutvikling basis før og etter bidrag frå prosjekt.

### **3. Institutt - økonomisk status og utvikling.**

I vedlegg 2 er det ei grafisk oversikt over institutta sine total- og basisresultat pr. 31.12. for åra 2014-2018 og prognoser for 2019-2023.

Alle institutt har positiv saldo både totalt og for basis ved utgangen av 2018. Akkumulert resultat på basis for institutta har auka frå 20 millionar kroner i 2014 til 204 millionar kroner i 2018, hovudsakleg som følgje av sterk inntektsvekst. Det er planlagt eit auka aktivitetsnivå framover, både ved tilsettingar og andre satsingar. Kostnadsveksten er venta større enn veksten i inntekter og dette vil føre til reduksjon av saldo.

Mange av institutta har store handlingsrom på basis målt i forhold til storleiken. Unntaket frå dette er Farmasøytisk institutt som over tid har hatt ei utvikling mot negativt handlingsrom. Det vil krevje tiltak for å bringe økonomien i balanse i langtidsperioden, og det er dialog mellom institutt- og fakultetsleiinga om situasjonen. Institutt for teoretisk astrofysikk har eit godt handlingsrom i 2018, medan prognoser viser ei rask utvikling mot eit vesentleg negativt handlingsrom. Årsaka til denne utviklinga er store investeringar, og det er venta ei betring i økonomien mot slutten av langtidsperioden.

Institutt for informatikk hadde i perioden 2011-2015 underskot i basisøkonomien. Ved utgangen av 2018 er akkumulert overskot på 47 millionar kroner og dette skuldast i stor grad auka inntekt frå KD som ein konsekvens av satsing på IKT-området. Tildeling av nye studieplasser og rekrutteringsstillingar, samt auka studiepoengsproduksjon og ekstern finansiert aktivitet gjev instituttet eit betydeleg handlingsrom. Prognosane viser at utviklinga fortset i same retning, sjølv med auka aktivitetsnivå.

#### **4. Utfordringar og usikkerhet for fakultetet si økonomiske utvikling.**

Det er vesentleg usikkerhet til kva økonomiske konsekvensar nytt Livsvitskapsbygg vil ha med omsyn til inventar, utstyr og husleige. Det er ikkje sett av midlar til dette i prognose.

Ei utvikling over tid med sterk vekst i personalkostnader kombinert med auke i varige kutt i tildeling vil føre til at dei fleste institutta og fakultetet må justere kursen for å vere økonomisk levedyktig over tid. Dette kan igjen føre til redusert aktivitetsnivå og/eller stille store krav til kostnadseffektivitet.

Fakultetets si største utfordring er behovet for vedlikehald og opprusting av bygningsmassen.

Fakultet vil venteleg i 2019 låne midlar frå institutta som ei direkte følgje av årleg auke i varige kutt i tildeling og at fakultetet må dekke kostnader til lokalar normalt finansiert av Egedomsavdelinga. Det er foreløpig ikkje sett av noko tilbakebetalingsmekanisme i prognose.

---

<sup>i</sup> Fullkostprinsippet betyr at prosjekt skal regnskapsføres med alle relevante inntekter og kostnader. Kravet er at direkte og indirekte kostnader samt UiO sin eigenandel skal synleggjerast, uavhengig av finansieringskjelde. UiO legg inn fleire element som gjer at nytten vert avgrensa. Mellom anna kan regnskap for prosjekt og basis vise feil resultat ved regnskapsavslutning. Prosjektregnskapet har ikkje direkte samanheng med framdrift i prosjektet.

<sup>ii</sup> Ulike prinsipp for bokføring av inntekter og kostnader betyr mangelfull samanstilling av inntekter og kostnader for same periode, og økonomisk måling av utvikling og resultat er ikkje mogleg.

<sup>iii</sup> MN har årlege inntekter på ca. 1,9 milliardar kroner, og komplekse økonomiske strukturer med mellom anna forskningssenter delt mellom fleire institutt. Balansedelen av regnskapet manglar i forhold til vurdering og styring av økonomien. Det betyr utfordringar med omsyn til oppfølging av mellomværande, periodiseringar og samanstilling av kostnader og inntekter. MN har etter eige initiativ ein oversikt på utsett aktivitet på basis (bundne midlar).

<sup>iv</sup> Bidraget frå prosjekt til basis. Bidraget er summen av frikjøp, overhead, leiested som eksterne finansørar dekker. Frikjøp gjeld UiO tilsette si arbeidstid i prosjekt. Overhead er kostnader i prosjektet som ikkje er ein direkte kostnad (administrasjon, husleige, straum, infrastruktur mm). Leiested er kostnader for bruk av laboratorium og teknisk infrastruktur. I tillegg kjem resultatet ved avslutning av prosjekt. I bidragsprosjekt stiller ein til rådvalde eigeninnsats. Den internfinansierte innsatsen er fast tilsette (frikjøp), overhead og leiested.


# Vedlegg 1

Enhet: MN	Regnskap		Budsjett	Regnskap	Avvik	Prognoser					
	Totalt	3T-2016				3T-2017	3T-2018	2019	2020	2021	2022
<b>Inntekter</b>											
Bevilgning fra KD	-1 047 129	-1 071 304	-1 124 788	-1 173 860	-49 071	-1 182 835	-1 166 622	-1 171 145	-1 167 385	-1 174 200	-5 862 186
Tilskudd fra NFR	-383 680	-430 612	-494 020	-414 630	79 390	-481 807	-529 923	-530 733	-515 378	-507 015	-2 564 856
Tilskudd fra EU	-65 236	-77 415	-61 606	-83 553	-21 948	-52 729	-74 113	-80 738	-75 342	-74 695	-357 617
Tilskudd fra andre	-170 178	-167 194	-176 725	-161 899	14 826	-188 189	-209 918	-211 912	-196 467	-195 334	-1 001 820
Andre inntekter	-77 271	-81 460	-61 980	-82 222	-20 242	-63 003	-62 645	-58 001	-58 048	-56 307	-298 005
Sum inntekter	-1 743 494	-1 827 985	-1 919 119	-1 916 165	2 954	-1 968 563	-2 043 221	-2 052 528	-2 012 620	-2 007 551	-10 084 483
<b>Kostnader</b>											
Sum personalkostnader	1 132 859	1 198 589	1 321 377	1 269 934	-51 444	1 370 074	1 410 286	1 395 876	1 379 836	1 353 697	6 909 769
Internhusleie	185 522	194 432	198 987	209 548	10 560	216 030	216 030	216 030	216 030	216 030	1 080 149
Investeringer	94 785	98 703	115 635	83 011	-32 624	161 852	108 358	84 419	80 480	86 315	521 424
Andre driftskostnader	271 382	302 244	365 556	327 544	-38 012	348 561	369 530	361 703	357 899	369 219	1 806 912
Sum kostnader	1 684 548	1 793 968	2 001 556	1 890 036	-111 519	2 096 517	2 104 204	2 058 028	2 034 245	2 025 261	10 318 254
Årets resultat før prosjektbidrag	-58 946	-34 017	82 437	-26 128	-108 565	127 954	60 983	5 500	21 625	17 709	233 770
Sum nettobidrag prosjekter	-849	-503	2 228	-735	-2 963	636	5 940	2 790	1 601	-310	10 657
Årets resultat	-59 794	-34 521	84 665	-26 864	-111 528	128 591	66 923	8 289	23 225	17 399	244 427
Overført saldo fra i fjor	-290 238	-350 537	-391 915	-391 915		-418 778	-290 188	-223 264	-214 975	-191 750	
Akkumulert resultat	-350 033	-385 058	-307 250	-418 778	-111 528	-290 188	-223 264	-214 975	-191 750	-174 351	

Enhet: MN	Regnskap		Budsjett	Regnskap	Avvik	Prognoser					
	Basis	3T-2016				3T-2017	3T-2018	2019	2020	2021	2022
<b>Inntekter</b>											
Bevilgning fra KD	-1 047 129	-1 071 304	-1 124 938	-1 161 933	-36 995	-1 183 438	-1 167 219	-1 171 145	-1 167 385	-1 174 200	-5 863 386
Tilskudd fra NFR	-1 752	-11 285		-313	-313						
Tilskudd fra andre	323	-386		38	38						
Andre inntekter	-57 227	-68 624	-52 686	-50 869	1 817	-53 218	-60 449	-58 162	-57 087	-53 691	-282 607
Sum inntekter	-1 105 785	-1 151 598	-1 177 625	-1 213 078	-35 453	-1 236 656	-1 227 667	-1 229 307	-1 224 472	-1 227 892	-6 145 993
<b>Kostnader</b>											
Sum personalkostnader	812 076	869 601	942 939	950 672	7 732	1 019 444	1 045 284	1 035 706	1 026 662	1 023 144	5 150 239
Internhusleie	185 432	194 393	198 987	209 525	10 537	216 030	216 030	216 030	216 030	216 030	1 080 149
Investeringer	50 624	66 638	84 795	55 694	-29 101	125 266	77 852	54 131	47 480	53 315	358 043
Andre driftskostnader	136 608	145 704	175 684	162 735	-12 949	166 708	159 592	158 023	152 841	152 091	789 254
Sum kostnader	1 184 741	1 276 336	1 402 406	1 378 626	-23 780	1 527 448	1 498 758	1 463 890	1 443 012	1 444 579	7 377 686
Årets resultat før prosjektbidrag	78 955	124 737	224 781	165 548	-59 233	290 792	271 090	234 583	218 540	216 687	1 231 693
Sum nettobidrag prosjekter	-146 684	-164 789	-190 442	-198 004	-7 562	-199 088	-221 265	-190 722	-191 594	-197 585	-1 000 253
Årets resultat	-67 729	-40 051	34 340	-32 456	-66 795	91 704	49 825	43 861	26 946	19 103	231 439
Overført saldo fra i fjor	-135 539	-203 330	-249 008	-249 008		-281 464	-189 759	-139 934	-96 073	-69 127	
Akkumulert resultat	-212 070	-243 381	-214 669	-281 464	-66 795	-189 759	-139 934	-96 073	-69 127	-50 024	

Enhet: MN	Regnskap		Budsjett	Regnskap	Avvik	Prognoser					
	EFV	3T-2016				3T-2017	3T-2018	2019	2020	2021	2022
<b>Inntekter</b>											
Bevilgning fra KD			150	-11 927	-12 077	603	597				1 200
Tilskudd fra NFR	-381 927	-419 327	-494 020	-414 317	79 703	-481 807	-529 923	-530 733	-515 378	-507 015	-2 564 856
Tilskudd fra EU	-65 236	-77 415	-61 606	-83 553	-21 948	-52 729	-74 113	-80 738	-75 342	-74 695	-357 617
Tilskudd fra andre	-170 501	-166 808	-176 725	-161 936	14 789	-188 189	-209 918	-211 912	-196 467	-195 334	-1 001 820
Andre inntekter	-20 044	-12 836	-9 294	-31 354	-22 060	-9 786	-2 197	161	-961	-2 615	-15 398
Sum inntekter	-637 708	-676 387	-741 494	-703 087	38 407	-731 907	-815 554	-823 222	-788 148	-779 660	-3 938 490
<b>Kostnader</b>											
Sum personalkostnader	320 782	328 988	378 438	319 262	-59 176	350 630	365 002	360 171	353 174	330 553	1 759 530
Internhusleie				23	23						
Investeringer	44 160	32 065	30 839	27 317	-3 523	36 586	30 506	30 288	33 000	33 000	163 380
Andre driftskostnader	134 774	156 539	189 872	164 809	-25 063	181 853	209 938	203 680	205 058	217 129	1 017 657
Sum kostnader	499 807	517 632	599 150	511 410	-87 740	569 069	605 446	594 138	591 232	580 681	2 940 568
Årets resultat før prosjektbidrag	-137 901	-158 755	-142 345	-191 677	-49 332	-162 838	-210 107	-229 084	-196 916	-198 978	-997 923
Sum nettobidrag prosjekter	145 835	164 286	192 670	197 269	4 599	199 724	227 205	193 511	193 195	197 274	1 010 910
Årets resultat	7 934	5 531	50 325	5 592	-44 733	36 886	17 098	-35 572	-3 720	-1 704	12 988
Overført saldo fra i fjor	-154 700	-147 207	-142 907	-142 907		-137 315	-100 428	-83 330	-118 902	-122 623	
Akkumulert resultat	-146 765	-142 453	-92 581	-137 315	-44 733	-100 428	-83 330	-118 902	-122 623	-124 327	

## Totaløkonomi institutt - akkumulert resultat Regnskap 2014-2018 og prognoser 2019-2023





### Basisøkonomi institutt - akkumulert resultat Regnskap 2014-2018 og prognoser 2019-2023

